

Fra: Sveinung M. Pile [sveinung@malakoff.no]

Til: Postmottak Sentraladm [Postmottak.Sentraladm@sfj.no]

Kopi: Åge Avedal [Age.Avedal@sfj.no]

Sendt: 05.06.2019 14:31:54

Emne: Fwd: Kulturmidlar 2019 - festival - Malakoff Rockefestival (MR) Melding om vedtak

Vedlegg: Kulturmidlar 2019 - festival - Malakoff Rockefestival (MR).PDF

KLAGE PÅ VEDTAK, SØKNADSREFERANSE 18/8535-25 ANGÅANDE DRIFTSSTILSKOT
KULTURMIDLAR

KLAGEINSTANS: NÆRINGS- OG KULTURAVDELINGA, SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE,
ASKEDALEN 2, 6863 LEIKANGER

Malakoff Rockfestival reagerer på argumentasjonen og signala som vert gitt i utlysingsinformasjonen vedrørende prioritering av barn og unge.

På nettsida til SFJ: <https://www.sfj.no/kulturmidlar-2019.5660468-340484.html> står det at det ved tilskot "*blir lagt særlig vekt på kulturaktivitet til barn og unge*". I vedtaket er ordlyden: *Grad av frivillighet og eit generelt tilbod til barn og unge vert dekkja av alle festivalar og ikkje lagt avgjerande vekt på*. Som fylket sitt største arrangement, også for barn og unge, reagerer vi på at Malakoff Rockfestival (MR) vert tilgodesett med kr. 100.000,-. Summen står ikkje i stil med det tilbodet MR har til barn og unge (som utgjøre 2.000 personar kvar dag under Malakoff). MR brukar store ressursar på trygg transport heim frå festivalen og har tilrettelagt arealet slik at barn og unge kan delta i trygge rammer på heile festivalen på lik linje med dei vaksne. Dette er ei ordning MR er åleine om å tilby og som set store krav til tryggleiksarbeidet, booking og administrasjon. Vi ynskjer difor ei ytterlegare klargjøring av kva fylket tenker om prioritering av kulturmidlar til barn og unge.

Med venleg helsing

Sveinung M. Pile

sveinung@malakoff.no

Videresendt melding:

Fra: Sogn og Fjordane fylkeskommune <postmottak.sentraladm@sfj.no>

Emne: Kulturmidlar 2019 - festival - Malakoff Rockefestival (MR) Melding om vedtak

Dato: 31. mai 2019 kl. 13:19:12 CEST

Til: <sveinung@malakoff.no>

VÅR REFERANSE: Arkivnr.: 18/8535-25

Sakshandsamar: Åge Avedal

Sender over vedlagde dokument.

Med venleg helsing

Sogn og Fjordane fylkeskommune